– Til gjengjeld vet vi mye om hvor narkotikaen kommer fra. Vi vet en god del om hvem som er avsendere og vi vet noe om hvem som er mottakere. Vi gjør et grundig forarbeid basert på risikovurderinger og etterretning før post og gods kommer til landet, slik at vi vet hva vi ønsker å kontrollere, sier Kristiansen.



**BLIR GJENNOMLYST:** All posten blir gjennomlyst i en røntgenmaskin. Det er en jobb som krever erfaring og kunnskap, man skal vite hva man ser etter.

Når På grensen er på besøk, står fem-seks traller fullstappet med sekker med postforsendelser klare til å bli kontrollert. Alt kommer fra land som godskontoret har satt sperrer på. Det betyr at posten fra disse landene skal kontrolleres.

## FØRST RØNTGEN, SÅ KONTROLL

All post blir gjennomlyst i røntgenmaskin. Noen ganger har de også narkotikahund tilgjengelig, og da får hunden som regel snuse på sekkene først.

Noen sekker blir tatt til side, mens resten legges tilbake i trallene. Deretter begynner jobben med å gå gjennom sekkene som er lagt til side. Denne dagen gjøres det tre beslag som skal videre til analyse hos tollaboratoriet i Toll- og avgiftsdepartementet.

– Utfordringen vår er å følge med på alle de nye stoffene som kommer. Det er krevende. Men også veldig viktig dersom vi skal gjøre jobben vår og gjøre beslag. For det er det som er drivkraften vår, sier Runar Kristiansen. ■





# Flyfrakt

Tollerne kontrollerer blant annet flyfrakt. Forsendelser man ønsker å kontrollere blir brakt til tollernes kontrollhall.



# Store mengder post

Postforsendelser fra utvalgte land har blitt stoppet og skal kontrolleres.





## Rask kontroll

Post som har vært gjennom røntgenmaskin og som ikke skal kontrolleres, blir raskt sendt videre. Man ønsker ikke å forsinke forsendelsene mer enn nødvendig.



## Utvidet kontroll

På bakgrunn av røntgenkontrollen blir noe post grundig gjennomgått. Alt som har blitt åpnet blir stemplet med «Åpnet av Tollvesenet»





# Narkotikabeslag

Denne dagen blir det blant annet stoppet en forsendelse med LSD-lignende stoffer.



PÅ KONTORET: Terje Slettbakk har kontor i åttende etasje, med utsikt over Haag.

## JOBBER MIN

**Navn:** Terje Slettbakk  
**Yrke:** Liason  
**Arbeidsplass:** Europol, Haag  
**Antall kolleger:** 3

# Internasjonalt samarbeid

I fire år skal Terje Slettbakk være Tollvesenets mann i Europol.

TEKST Tore Skår FOTO Tore Skår

Terje Slettbakk (42) er tolller, og har allerede mye internasjonal erfaring å vise til. Før han tiltrådte som liason i Europol i fjor, hadde han bak seg fire år som sambandsmann for Tollvesenet i Madrid. Men det er som tolller, først på Fornebu og deretter i Oslo, at han har lagt grunnlaget for sin internasjonale virksomhet.

– Som tolller jobber man som regel internasjonalt, sier Slettbakk.

### DELER INFORMASJON

På den norske desken i Europol sitter han sammen med to politiliasoner, og sammen jobber de for å tilrettelegge og koordinere for norsk politi og tollvesen når de har behov for hjelp fra andre Europol-land og når de andre landene har behov for hjelp fra Norge.



– Her er man en lyttepost på hva som skjer på toll- og politiområdet. Jeg har en mulighet til å komme med anbefalinger hjem til Tollvesenet i Norge.

– Når norsk politi og tollvesen har behov for hjelp fra andre land, kontakter de Europol. Og tilsvarende kan andre lands politi- og tollmyndigheter kontakte oss dersom de har behov for hjelp fra oss. Det kan være helt enkle ting, som at man etterspør informasjon som de ulike landene har i sine systemer, eller det kan være mer kompliserte ting, som når landene gjennomfører samarbeidsaksjoner, forklarer Slettbakk.

Det er Kripos som er det nasjonale kontaktpunktet mot Europol i Norge. Det betyr at all kontakt mellom Norge og Europol går gjennom Kripos.

#### DE KRIMINELLE REISER

Omfanget av den grenseoverskridende kriminaliteten ser bare ut til å øke. Dette må blant annet ses i sammenheng med økt mobilitet og EUs prinsipper om fri bevegelse av varer, tjenester, personer og kapital. Den store utfordringen for kontrollmyndighetene er at også de kriminelle reiser mer. Derfor har det nå blitt slik at mange europeiske land trapper ned det bilaterale samarbeidet og styrker bidraget til Europol.

#### VIKTIG Å KJENNE HVERANDRE

For Terje Slettbakk innebærer det at det er viktig å ha god kjennskap til hvem det er som jobber på de andre nasjonale deskene i Europol. En hel blokk av de tre blokkene som utgjør Europolis hovedkvarter i Haag er satt av til nasjonale desker. 37 land er representert med over 150 liasoner – hovedsakelig politiliasoner, men også en del tollere.

På grensen er med Slettbakk på en runde i Europol og får hilse på den svenske tolliasonen Frank. Han har ett år igjen å jobbe i



**STORT LIASONNETTVERK:** Europol er verdens største liasonnettverk samlet under ett tak. Europolbygningen ble åpnet våren 2012.

Europol, og skal bli pensjonist når tiden i Europol er over. Han tror deskene kan bli brukt enda mer av politi- og tollmyndighetene hjemme enn hva som skjer i dag. Slettbakk tror det samme for Norges del. Det er nødvendig å holde et kontinuerlig trykk på tjenestemennene hjemme for at de skal ta ut potensialet som ligger i Europol.

#### SAMORDNET INNSATS

Vi hilser også på den tyske tolliasonen

Bjørn, som for øvrig har vokst opp i Bergen og snakker norsk. Han forteller at Tyskland har gode relasjoner til den norske desken. Tyskland er et av landene Norge utveksler mest informasjon med. Frank forteller om en avsluttet sak fra noen år tilbake som handlet om en gruppe albanere som smuglet narkotika. På et kart viser han at saken hadde forgreininger til mange land i Europa.

På et tidlig tidspunkt hadde myndighetsorganer i flere land kommet på sporet av gruppen. Men alle satt på hver sine biter med informasjon om hva som foregikk, ingen visste hvor stor gruppen faktisk var. Etter hvert ble Europol involvert, og først da maktet man, etter et møysommelig arbeid, å sette de ulike bitene sammen til et helhetlig bilde. Til slutt slo politi i flere land til mot gruppen, og hovedmennene sitter i dag i varetekt i påvente av rettssak.

– Denne saken viser viktigheten av å ha liasoner med kort vei til hverandre som kan bidra til å samordne innsatsen mot grupper som ikke tar hensyn til landegrenser, sier Slettbakk og Frank.

#### TRE ÅR IGJEN

Terje Slettbakk bor rett utenfor Haag med kone og to sønner. Han har fortsatt tre år igjen av perioden sin i Europol. Etter den tid er planen å flytte tilbake til Norge. Men foreløpig har han fullt fokus på arbeidsoppgavene sine, som han synes er spennende.

– Her er man en lyttepost på hva som skjer på toll- og politiområdet. Jeg har en mulighet til å komme med anbefalinger hjem til Tollvesenet i Norge. Det er en spennende posisjon å ha, sier Terje Slettbakk. ■

## RÅD OG TIPS

### KVA ER EORI-NUMMER?

ORDBOK: Norske næringslivsaktørar som har verksemd opp mot tollmyndigheitene i eit EU-land, treng eit EORI-nummer. Du får eit slikt nummer ved å søkje tollmyndigheitene i det aktuelle EU-landet. EORI-nummer (Economic Operator Registration and Identification number) er eit unikt identitetsnummer (kundennummer) frå tollmyndigheitene i EU. Du skal bruke nummeret ved all tollrelatert verksemd i EU.

### FRIHANDEL

TIPS: Noreg har saman med dei andre EFTA-landa inngått ei rekke frihandelsavtalar. For norske bedrifter er EØS-avtalen den viktigaste. Bruker du opningane som ligg i frihandelsavtalanene Noreg har, kan produkta dine få lågare toll eller tollfridom ved import til desse landa. Det kallar vi preferansetollbehandling. For at mottakaren skal få preferansetollbehandling i importlandet, må det vere utferda eit opphavsbevis for varene.

### OPPHAVSREGLAR

RÅD: Opphavsreglar oppgir kriterium for korleis ei vare må produserast for at ho skal få status som opphavsprodukt. Når vara får status som opphavsprodukt, vil varene du importerer eller eksporterer, bli tollfrie eller få redusert tollsats. Opphavsreglane er som regel nedfelte i ein frihandelsavtale som definerer kva som skal reknast som eit opphavsprodukt.



**GODKJEND EKSPORTØR:** Som godkjend eksportør kan du sjølv utferde opphavsbevis utan omsyn til verdien på sendinga .

# Godkjende eksportørar

Er du ein eksportør med kunnskap om opphavsreglane i frihandelsavtalanene, kan du bli autorisert som godkjend eksportør. Då kan du sjølv utferde opphavsbevis utan omsyn til verdien på sendinga.

Dersom du oppfyller desse vilkåra, kan du bli godkjend eksportør, uansett om du eksporterer råvarer og/eller ferdigvarer:

- Du står for hyppig eksport av produkt i medhald av den aktuelle frihandelsavtalen. Hyppig eksport vil seie at eksport er ein naturleg del av handelsmønsteret til bedrifta di, og at eksporten skjer jamleg gjennom heile året.
- Du gir på ein tilfredsstillande måte nødvendige garantiar overfor tollvesenet for å stadfeste opphavsstatusen til produkta og for å stadfeste at dei andre vilkåra i opphavsprotokollen er oppfylte.

Autorisasjon blir berre gitt til eksportørar som handlar med opphavsvarer. Ein eksportør kan både vere produsent, eksportør og vidareforhandlar (trader). Du søker til tollregionen der firmaet ditt høyrer heime.

### VILKÅR OG DOKUMENTASJON

Tollvesenet krev at du skal ha kjennskap til gjeldande opphavsreglar, og at du skal ha alle dokument som beviser opphavet til dei eksporterte varene som oppgitt i opphavsbevisa du utferdar.

Du må ha lager- og/eller rekneskapssystem som gjer det mogleg å identifisere opphavet til varene, uavhengig av om du sjølv har produksjon eller ikkje. Dersom du er eksportør og produsent, må du kunne dokumentere at produksjonen av den eksporterte vara tilfredsstillande vilkåra som er fastsette i opphavsreglane for denne vara.

- Firmaet skal peike ut ein eller fleire personar som skal vere ansvarleg(e) for at bedrifta følgjer dei til kvar tid gjeldande opphavsreglane som er fastsette i den enkelte frihandelsavtalen som bedrifta ønskjer å nytte.
- Firmaet skal alltid ha eigne folk med ansvar for at opphavsregelverket blir følgt, og at bedrifta held seg oppdatert på regelverket.
- Firmaet må straks gi melding til tollvesenet om endringar som gjeld den ansvarlege personen / dei ansvarlege personane.
- Firmaet skal ha ein eller fleire kontaktpersonar som tollvesenet kan kontakte i samband med kontroll og kurs- og opplæringsverksemd.

### OPPBEVARINGSPLIKT

Kopi av fakturaerklæringar, andre eksportdokument, bevismateriale og andre grunnlagsdokument må oppbevarast i ti år.

Du kan lese meir om kor lenge autorisasjonen gjeld, på [www.toll.no](http://www.toll.no). ■





## PROFIL

**ARVID STOKKE (50)** er underdirektør i særavgiftsseksjonen i særavgiftsavdelingen i Toll- og avgiftsdirektoratet. Han startet som tollaspirant i Oslo i 1984, og jobbet med blant annet kontroller på fergene og tollekspedisjon. Han startet på bedriftskontrollen i Oslo i 1988 og utdannet seg til tollrevisor i 1991. I 1997 ble han seksjonsleder samme sted. I 2002 startet han i sin nåværende stilling i Toll- og avgiftsdirektoratet. I tillegg til bakgrunnen fra Tollvesenet, har han gått befalsskole og er bedriftsøkonom fra NHH.

# Har ansvar for 17 avgifter

Arvid Stokke er leder for særavgiftsseksjonen i Toll- og avgiftsdirektoratet..

TEKST Tore Skår FOTO Terje Heiestad

### HVA JOBBER DU MED?

– Jeg leder særavgiftsseksjonen, en seksjon med 12 dyktige medarbeidere som er en av tre seksjoner i særavgiftsavdelingen i Toll- og avgiftsdirektoratet. Våre hovedoppgaver er regelverksutvikling og klagesaksbehandling på særavgiftsområdet, bortsett fra motorvognavgifter. I tillegg er vi klageinstans for dokumentavgiften, som er en avgift som først fastsettes av Statens kartverk.

Blant særavgiftene seksjonen forvalter, er kjente avgifter som tobakksavgift, el-avgift, alkoholavgift, CO2-avgift og veibruksavgift på drivstoff.

– Når det gjelder regelverksutvikling, har vi mye kontakt med Finansdepartementet, som er vår oppdragsgiver. Vi utfører blant annet utredningsarbeid, bidrar med bakgrunnsinformasjon og gjennomfører høringer. Vi har utstrakt kontakt med tollregionene. Det er vårt ansvar å informere tollregionene om regelverket og endringer i

dette, slik at de har en felles forståelse. Det er viktig at regelverket er praktisk og gjennomførbart for de som skal bruke det til daglig. Vi har også ansvar for informasjon på nett innenfor vårt område.

– Videre har vi nær kontakt med våre kolleger i direktoratet som har ansvar for våre IT-systemer hvor særavgiftene deklarerer og fastsettes. Det er viktig at regelverket og systemene henger sammen.

– I tillegg har vi god kontakt med bransjen og bransjeorganisasjonene som er berørt av regelverket vi forvalter, og med andre offentlige myndigheter.

– Vår klagesaksbehandling omfatter saker som først har blitt behandlet i en tollregion, i hovedsak vedtak etter gjennomført kontroll. Jeg synes våre tollregioner er faglig dyktige, og de klagesakene vi får til oss i dag er ofte prinsipielle og mer faglig utfordrende enn tidligere. Dersom klager ønsker å ta en sak videre etter behandling hos oss, er neste ledd rettssystemet. Regjeringsadvokaten prosederer saken for staten. I praksis er det slik

at den som har vært saksbehandler hos oss, følger saken og bistår Regjeringsadvokaten i rettsbehandlingen.

– *Hvilke utfordringer har du i jobben?*

– Vi jobber nært med departementet i saker som angår statsbudsjettet. I slike saker skjer mye i løpet av kort tid, samtidig som vi ikke kan være åpne overfor andre om hva vi jobber med. Det kan være krevende, men er faglig sett veldig spennende.

– En annen utfordring er at vi har ansvaret for et stort og viktig fagområde med for tiden 17 avgifter. Det er viktig å finne en balanse mellom å ha en rimelig saksbehandlingstid og dybdekunnskap på våre ansvarsområder, og samtidig kunne håndtere de litt mer uforutsigbare hendelsene som for eksempel rettsaker og utredningsarbeid.

– Nå jobber vi mye med utredningsarbeidet i forbindelse med flyttingen av blant annet særavgifter til Skatteetaten. Vårt fagområde er sentralt i forhold til overflytting, og det er naturlig at vi er tungt involvert. ■

– Korleis vil kriminaliteten tilpasse seg Internett-bruken vår? Det er sjølvsagt vanskeleg å sjå for seg. Men det er viktig å tenkje framover for å kunne vere i forkant.

# Kjempar mot internasjonal kriminalitet



Europol er det kriminalitetsmotarbeidande EU-organet.

TEKST Tore Skår FOTO Europol

Europol er den viktigaste samarbeidspartnaren til Noreg internasjonalt i det operative arbeidet mot kriminalitet. Europol er både ein kunnskapsbase for landa som deltek i samarbeidet, og koordinator og informasjonsformidlar i operative saker som er i gang. Både politimyndigheiter, tollmyndigheiter og andre kontrollorgan er ein del av Europol.



**DIGITAL SILKEVEG:** Silk Road var ein online illegal marknad som opererte på det skjulte internettet. Nettstaden selde ulike narkotiske stoff. FBI stengde nettstaden i 2013.

## VIDT SPEKTER

Europol dekkjer eit vidt spekter av oppgåver. Nokre viktige prioriterte tema er terror, narkotikakriminalitet, svindel, menneskehandel og barnepornografi. Dei siste åra har kriminaliteten i stadig større grad flytta seg til Internett, og derfor har Europol oppretta European Cyber Crime Centre.

Troels Ørting frå Danmark har vore leiar for senteret sidan starten i januar 2013. Han har tidlegare vore sjefskriminalinspektør i



**HJELPER MEDLEMSLAND:** Troels Ørting frå Danmark leier Europol sitt European Cyber Crime Centre, som skal hjelpe medlemsland med kunnskap og etterretningsinformasjon om kriminalitet på Internett.

Rigspolitiets Nationale Efterforskningsstøt-tecenter og operasjonell sjef for den danske etterretningstenesta PET.

– Vi hjelper medlemsland med kunnskap og etterretningsinformasjon på mange ulike område, til dømes datavirus, svindel på nettet, piratkopiering (IPR) og barnepornografi.

– IPR er jo eit område der tollmyndigheitene spelar ei veldig aktiv rolle. Tidlegare har det vore mykje fokus på dei som produserer piratvarene, men no er vi meir opptekne av





**IT-LAB:** Europol har oppretta ein digital kriminalteknisk IT-lab som skal støtte etterforsking i Europol-landa. Laben tilbyr innovative løysingar for å finne igjen og analysere informasjon frå digitale einingar, PC-ar og andre digitale lagringsmedium.

dei som stel ideane. Mykje av det som no blir piratkopiert, er teknologi, og då er det sjølve ideane og kunnskapane bak eit produkt som er viktige. Ideane blir gjerne stolne ved hjelp av hacking og datainnbrot, og vi ser i stadig større grad at det er framande statar eller konkurrentar som står bak, seier Ørting.

#### HOVUDKONTOR I HAAG

Europol er plassert i Haag i Nederland, i nabolag med organisasjonar som Det internasjonale krigsforbrytartribunalet for det tidlegare Jugoslavia (ICTY) og Organisasjonen for forbod mot kjemiske våpen (OPCW).

Mellom 700 og 800 personar jobbar i organisasjonen, og av dei er om lag 150 sambandsmenn. Alle EU-landa er representerte, og i tillegg har ein del andre land inngått eigne avtalar med Europol, noko som gjer at dei òg er representerte med eigne sambandskontor. Blant desse er Noreg og land som USA, Sveits, Colombia og Australia.

#### SAMORDNAR

Europol driv ikkje noka eiga etterforsking og kan verken pågripe personar eller ransake hus. Oppgåva er i første rekke å lette informasjonsstraumen mellom medlems-

landa og samordne innsatsane til medlemslanda.

Og det er nettopp for å få til denne samordninga at European Cyber Crime Centre blei oppretta. Senteret skal finne felles løysingar for EU-landa og støtte politiaksjonar mot cyberkriminelle.

– Det er ingen tvil om at dei europeiske landa ikkje har vore godt nok rusta til å etterforske cyberkriminalitet. Målet mitt er at senteret skal bidra til å endre på dette, seier Ørting.

Han forklarar at Cyber Crime Centre har sett av ei eiga eining som skal sjå på framtidige utfordringar innanfor Internett-kriminalitet. Senteret skal levere både trendanalysar og prognosar på utviklinga.

– Vi veit jo at bruken av Internett endrar seg heile tida. Og kvar er vi då om fem år? Korleis nyttar vi Internett då? Vil det automatisk gå ei bestilling til leverandøren dersom det berre er ein pakke mjølk igjen i kjøleskapet? Og korleis vil kriminaliteten tilpasse seg Internett-bruken vår? Det er sjølvsagt svært vanskeleg å sjå for seg. Men det er viktig å tenkje framover for å kunne vere i forkant av kriminalitetsutviklinga, seier Ørting. ■

## Fakta

### OM EUROPOL:

- Europol blei oppretta i 1999.
- Europol er EUs «law enforcement agency» – med både politi, toll og andre kontrollorgan.

### HOVUDOPPGÅVER:

- Strategiske analysar – trusselvurderingar, kunnskapsprodukt innanfor ulike felt
- Operative analysar av data frå medlemslanda (og tredjeland) – eigne databasar skal bidra til samarbeid mellom landa, til å sjå samanhengar, til operative møte og til sikker informasjonsutveksling
- Tilrettelegging for sambandsteneste (ELO) (40 deskar).

### METODEUTVIKLING.

- CyberCrimeCenter frå januar 2013.
- Inga eiga etterforsking – det skal skjei dei enkelte landa, Europol er fasilitator.



**Regulert sidan 1958:** FN-konvensjonen om toll-lette for turistar blei til i 1954. Denne danner grunnlaget for dagens føresegnar om innførsel av alkoholhaldige varer og andre varer som reise-gods

## Tax-free-handel

Tax-free-butikkar, duty-free shops eller handel med avgiftsfrie varer. Uansett kva du vel å kalle det, kan vi slå fast at det får fram noko særnorsk i oss.

TEKST Thore Simenstad FOTO Shutterstock

Her er det billeg, så her skal det handlast, er gjennomgangsmelodien. Det kan nesten verke som om det å få ei halv flaske brennevin over grensa utan at tollarane oppdagar det, er eit høgdepunkt i kvardagen for mange.

Retten til å handle avgiftsfritt avgrensar seg til reise med ferje og fly. Det er ikkje mogleg ved innreise med buss, privatbil eller tog.

### GRENSER FOR HANDEL

Men det er grenser for grensehandel. Det er grenser for kor mykje den enkelte reisande kan ta med seg tilbake frå utlandet. Faktorar som spelar inn, er kor lenge den reisande har vore borte frå Noreg, kor gammal vedkommande er, og om varene er kjøpte med eller utan avgift.

FN-konvensjonen om toll-lette for turistar blei til i 1954. Konvensjonen dannar grunnlaget for dagens føresegnar om innførsel av alkoholhaldige varer og andre varer som reisegods. Noreg slutta seg til konvensjonen i 1961, men alkohol- og tobakkskvotane ved grensepassering hadde vore regulerte alt sidan 1. mai 1958.

Det er verdt å merkje seg at aldersgrensa for å ta med alkohol og tobakk ved inn- og utreise frå Noreg den gongen var 17 år, og at verdien på andre varer ikkje måtte vere over 350 kroner.

### STRAMMA INN

I 1963 blei brennevinskvoten redusert frå 1 liter til  $\frac{3}{4}$  liter. Då kom det òg med i føresegnene at du kunne ta med deg maksimalt 2 liter øl. Tidlegare var ikkje øl nemnt.

1. oktober 1966 blei det vidare fastsett at brennevinet maksimalt kunne innehalde 60 volumprosent. Aldersgrensa for å kjøpe alkohol blei heva frå 17 til 21 år, mens ho blei redusert frå 17 til 15 år for å kjøpe tobakksvare. Samtidig blei det opna for å ta med 2 liter vin dersom ein ikkje hadde med seg brennevin. Dersom du ikkje budde i Europa, kunne du ta med deg 2 liter brennevin eller vin til Noreg.

1. juli 1969 blei aldersgrensa for alkoholkjøp sett til 20 år.

### NY FORSKRIFT

I juni 1978 kom det ei ny forskrift om tollfridom for reiseutstyr og reisegods. Samtidig blei den toll- og avgiftsfrie kvoten lik for alle som skulle reise til Noreg. Verdigrensa for andre varer blei fordobla til 700 kroner.

I 1982 blei maksimalverdien for andre varer enn alkohol- og tobakksvare sett til 1100 kroner, mens han i desember blei redusert til 500 kroner. Samtidig blei mengda brennevin heva frå  $\frac{3}{4}$  til 1 liter. Grensa for kva som er vin, blei sett til inntil 23 volumprosent. 1. januar 1991 blei grensa sett til maksimalt 22 volumprosent.

I 1984 blei det for første gong sett to

verdigrenser, avhengig av om du hadde vore borte frå Noreg i meir enn 24 timar eller ikkje. Grensa var no 500 kroner ved korttidsfråvær og 1200 kroner ved fråvær over 24 timar.

I 1996 blei verdigrensa for andre varer enn alkohol- og tobakksvare sett til 5000 kroner ved fråvær frå Noreg over 24 timar, og til 2000 kroner dersom du forlét landet i mindre enn 24 timar. I 2003 blei alkohol- og tobakksvarene tekne inn i verdigrensa, og grensa blei fastsett til varer for maksimalt 3000 kroner dersom du hadde vore ute av Noreg i mindre enn 24 timar, og til maksimalt 6000 kroner dersom du hadde vore ute av landet over 24 timar. Dette gjeld i dag òg.

### NYARE ENDRINGAR

Frå 1. juli 2005 blei det innført avgiftsfritt sal også når ein kom frå utlandet til ei rekkje norske flyplassar. Tidlegare var det berre mogleg å handle avgiftsfritt ved utreise frå Noreg eller når du gjekk på flyet til Noreg.

I 2006 blei den toll- og avgiftsfrie kvoten endra til 1 liter brennevin, 1,5 liter vin og 2 liter øl. Dersom du ikkje hadde med brennevin, kunne du totalt ha med deg 3 liter vin.

I 2014 blei den toll- og avgiftsfrie kvoten endra, slik at reisande som ikkje gjorde seg nytte av tobakkskvoten, kunne byte han ut med alkoholkvoten. Dei kunne dermed ta med seg 1,5 liter øl, rusbrus eller vin ekstra. ■



## TAL OM TOLL

# 0,97

kroner per gram av nettovekt til pakninga er tobakksavgiftssatsen for snus og skråtobakk i 2014.

# 3,12

kroner per liter er satsen for avgifta på alkoholfrie drikkevarer som er tilsette sukker eller kunstige søtstoff.

# 10

er så mange dagar som ein retts-havar har på seg til å skaffe ei mellombels åtgjerd (rettsavgjerd) frå tingretten dersom tollvesenet har halde tilbake varer som dei misten-kjer for å vere piratkopiar.

# 5000

kroner er verdigrensa for kva som skal deklarerast ved utførsel frå Noreg. Varer med verdi over denne grensa skal deklarerast til tollvesenet.

# 19 318

beslag blei gjorde av tollarane i første halvår 2014.

## Nytt landbruksdirektorat

Frå 1. juli 2014 overtok Landbruksdirektoratet oppgåver og personell frå Statens reindriftsforvaltning og Statens landbruksforvaltning.

– Eg vil effektivisere og modernisere landbruksforvaltninga, sa landbruks- og matminister Sylvi Listhaug på regjeringen.no i juli.

Det nye direktoratet får ansvaret for alle fagområda i landbrukssektoren. Landbruksdirektoratet har kontor i Oslo og Alta. Avdelingane i Oslo handterer dei oppgåvene SLF tidlegare hadde ansvaret for, mens kontoret i Alta har hovudansvaret for reindriftsforvaltninga.

## TOLLTAVLA

## KURS FOR NÆRINGSDRIVANDE

(Arrangør: Tollregion Oslo og Akershus)

KURS	TIDSPUNKT	KVAR	FOR KVEN
Kurs i særavgifter	7. oktober 2014 klokka 09.30–14.00. Påmeldingsfrist 30. september.	Tollbygget ved Oslo lufthamn Garder- moen, Edvard Griegs vei.	Alle som jobbar med import eller produksjon av særavgiftspliktige varer.
Kurs i opphavsreglar – preferansetollbe- handling	9. oktober 2014 klokka 09.30–14.00. Påmeldingsfrist 2. oktober.	Tollbygget ved Oslo lufthamn Garder- moen, Edvard Griegs vei.	Personar som jobbar i spedisjonsbransjen og personar som jobbar med import og eksport av varer.
Basiskurs i tollbe- handling	14. oktober 2014 klokka 08.30–16.00. Påmeldingsfrist 7. oktober.	Tollbygget ved Oslo lufthamn Garder- moen, Edvard Griegs vei.	Alle som tollekspederer varer eller driv verksemd knytt til import eller eksport.
Basiskurs i tollbe- handling	15. oktober 2014 klokka 08.30–16.00. Påmeldingsfrist 8. oktober.	Tollbygget ved Oslo lufthamn Garder- moen, Edvard Griegs vei.	Alle som tollekspederer varer eller driv verksemd knytt til import eller eksport.
Kurs i klassifisering – lær tolltariffen å kjenne	16. oktober 2014 klokka 09.00–15.00. Påmeldingsfrist 9. oktober.	Tollbygget ved Oslo lufthamn Garder- moen, Edvard Griegs vei.	Alle som tollekspederer varer eller driv verksemd knytt til import eller eksport.
Kurs i klassifisering av næringsmiddel	21. og 22. oktober 2014 klokka 08.30- 15.00. Påmeldings- frist 14. oktober.	Tollbygget ved Oslo lufthamn Garder- moen, Edvard Griegs vei.	Personar som impor- terer eller eksporterer næringsmiddel eller vurderer å begynne med det.
Kurs i utførsel/ eksport	28. oktober 2014 klokka 09.30–14.00. Påmeldingsfrist 21. oktober.	Tollbygget ved Oslo lufthamn Garder- moen, Edvard Griegs vei.	Alle som eksporterer varer.

### TOLLREGIONANE

Tollregion Aust-Noreg  
Postboks 180  
1601 Fredrikstad

Tollregion Sør-Noreg  
Boks 247  
4663 Kristiansand

Tollregion Midt-Noreg  
Postboks 9475 Sluppen  
7495 Trondheim

Tollregion Oslo og Akershus  
Postboks 8122 Dep.  
0032 Oslo

Tollregion Vest-Noreg  
Postboks 1893-1895 Nordnes  
5817 Bergen

Tollregion Nord-Noreg  
Postboks 2133  
9267 Tromsø

KONTAKT TOLLVESENET:

# 22 86 03 12



## Europol bekjemper europeisk nettkriminalitet

SE SIDE 24



## Skal styrke den norske grensekontrollen!

SE SIDE 12



NYTT DESIGN: Nå skal det bli enklere å finne fram på [toll.no](http://toll.no).

## Nye nettsider lansert

Nye toll.no kom på luften mandag 8. september.

TEKST Tore Skår

– De nye nettsidene har nytt design og forbedret navigasjon. Nå kan du også på en bedre måte lese toll.no på nettbrett og mobil. Vi håper at våre lesere vil like de nye sidene, sier nettedaktør Hilde Bjerkholt Jensen.

**SKILLE MELLOM NÆRINGS- OG PRIVAT**  
En stor endring med de nye nettsidene er at

de har blitt delt opp i innhold for næringslivet og innhold for privatpersoner, med hver sin forside.

– Vi har ønsket i større grad å skreddersy innholdet for næringslivet. Vi har også jobbet mye med tekstene våre. Brukerundersøkelser viste at mange hadde problemer med å forstå tekstene, og vi har derfor gjennomført et omfattende arbeid for å forbedre dem, sier Jensen.

Som tidligere vil det være mulig å abonnere på endringer og nyheter. Men alle som har hatt et abonnement på de gamle nettsidene, må sette opp abonnementet på nytt. ■

TOLL  
CUSTOMS